

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Møte nr. 2-2016 i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Dato: 7. oktober 2016

Stad: Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset rom 220 VIP (2. etasje)

Møtetid: kl. 10.00 – 14.00

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:

Hareid kommune ved kommunalsjef Berit Aasen

Herøy kommune ved kommuneoverlege Torill Myklebust

Ulstein kommune ved fagkoordinator psyk. helse og rus Silje Kleven Eriksen

Volda kommune ved avdelingsleiar førbyggjning, rehab. og legeteneste Mona Kile

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar Grete Ryste Flåskjer

HMR – Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Forfall:

Sande kommune ved leiar Sandetun Wenche Torseth

Vanylven kommune ved kommuneoverlege Hamid Keshavarz

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved klinikksjef kirurgisk klinikk Knut Nautvik

Frå samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal:

Rådgivar Lena Bjørge Waage

Møteleiar:

Leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Berit Aasen

Referent: Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 8/2016: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Berit Aasen

Innkalling vart godkjent. Mona Ryste tok opp som sak til eventuelt at kommunane i Sjustjerna gjer godt arbeid med å ta imot utskrivingsklare pasientar. Frå utvalet vart det kommentert at dette skuldast at ein ser pasientane som «heimhentingsklare».

Sak 9/2016: Godkjenning av referat frå forrige møte. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Berit Aasen

Referatet frå forrige møte (28. april 2016) vart godkjent.

Sak 10/2016: Møteplan 2017

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Berit Aasen

Jf. Delavtale 12 til Samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. Møtedatoar i 2017 vart bestemt til 17. mars og 29. september.

Sak 11/2016: Rapport om meldte uønskete samhandlingshendingar mellom kommunar og helseføretak i Møre og Romsdal fjerde kvartal 2015. Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal

Rapporten var sendt ut til møtet. Han byggjer på oppfølging av samhandlingstilsyn. Datagrunnlaget er oktober – desember 2015. Det er registrert 222 avvik i perioden, mot 46 i 2014.

Avvika gjeld mellom annan forhold ved innlegging og utskrivning av pasientar, episkrisehandtering og emeldingar. Det er brukt meldeskjema, elektronisk løysing er førebels ikkje på plass.

Frå utvalet vart det kommentert at mange ikkje har sett meldeskjemet (skjemaet ligg på HMR sine sider på internett) og ikkje kjenner rutinene for å melde avvik. Det vart vidare kommentert at det er for tungvint å sende avviksmeldingar slik det fungerer i dag.

Kommunane ville følgje opp saka på neste møte Sjustjerna- samarbeidet. Det vart sagt at avviksmeldingar må inn i ein opplæringspakke. Driftsforum Møre og Romsdal skal bidra til å utvikle avvikshandteringa. Brukarutvalet vil skynde på saka.

Sak 12/2016: Oppfølging av delavtale 6 til Samhandlingsavtalen – «Retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering». Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal. Innleiing om felles kompetanse- og rekrutteringsplan ved praksiskonsulent i HMR Stian Endresen

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

For å følgje opp delavtale 6 skal det utarbeidast ein felles handlingsplan for Heile Møre og Romsdal i eit tidsperspektiv haust 2016 – vår 2017. Ein ser dette arbeidet i nær samanheng med punkt 4.2 i delavtale 12 under oppgaver for dei lokale samhandlingsutvala vedkomande oppfølging av godkjent kompetanseplan.

Planen vil tene som ei forankring for korleis ein skal nytte arbeidsteknikkane ein har utvikla. Visjonen for planen er samhandling for å utvikle pasienten sitt helsevesen i Møre og Romsdal. Ein ser samhandlingsarbeidet som ein kontinuerleg læringsprosess. Planen vert forankra i Overordna samhandlingsutval, sendt på høyring og justert.

Sjustjerna har allereie utarbeidd handlingsplan. Samhandlingsavdelinga i HMR med forankring i Overordna samhandlingsutval ønskjer ein handlingsplan som også gjeld i dei andre lokalsjukehusområda i fylket. Mellom omsyna som talar for dette er at alle innbyggjarane i fylket skal ha helsetenester av same kvalitet.

I utvalet vart det sagt at ein slik plan kan bli så stor at han mister lokal forankring.

Utvalte oppnemnte Stian Endresen (HMR) og Berit Aasen (Hareid kommune) som representantar til ei arbeidsgruppe som skal utforme felles handlingsplan.

Sak 13/2016: Presentasjon av vedteken samhandlingsstrategi med handlingsplan for pasientar med rus- og psykiske helseplager. Ved Stian Endresen

Ei partssamansett arbeidsgruppe har utarbeidd samhandlingsstrategi for pasienter med rusrelaterte – og psykiske helseplager på tvers av behandlingsnivå.

Måla med handlingsplanen er: 1)Hjelp til sjølvstendighet og meistring av eige liv (og helse) 2)Tilgjengelegheit og koordinering av helsehjelp 3)Rett pasient på rett plass til rett tid.

Handlingsplanen tek for seg tre hovudområder: Kunnskap om kvarandre. 2. Gode overgangar (inkl. kompetanseheving) 3. Likeverdige tilbod.

Det er lagt vekt på at planen skal vere konkret, enkel og mogleg å gjennomføre innan eksisterande økonomiske rammer. Planen skal reviderast om 2 år.

Utvalet vedtok å ta planen til vitande.

Sak 14/2016: Øyeblikkeleg hjelp døgnoophald for psykisk helse og rus. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Berit Aasen

Aasen viste til at kommunane i Sjustjerna har felles prosedyrer for kommunale ø-hjelp døgnoophald. Nasjonal reform frå 2017 om kommunal ø-hjelp døgnoophald for pasientar innan psykisk helse og rus skal sikre at denne pasientgruppa får det same tilbodet som andre pasientgrupper.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Konklusjonen vart at Sjustjerna vil utarbeide felles prosedyrer også for kommunale ø-hjelp døgnplassar innan psykisk helse og rus.

Sak 15/2016: Status fagdagar 2017 på Søre Sunnmøre innen fagområda BUP, geriatri og alderspsykiatri. Ved Stian Endresen

Endresen gjorde greie for status som nemnt. Det vert arbeidd med dei tre årlege fagdagane ein har på Søre. Fagdag i geriatri vert 26. og 27. jan 2017 . Kurskomiteen har sendt ut invitasjon. Vedkomande fagdag BUP så skal HVO, prakiskonsulent og BUP ha planleggingsmøte 16. nov 2016. Når det gjeld fagdag i psykiatri så vert det arbeidd saman med alderspsykiatrisk avdeling i Ålesund. Mogleg tema for fagdagen i 207 vert alderspsykiatri. Utvalet tok orienteringa til vitande.

Sak 16/2016: Informasjon om utgreiing av legevakt. Ved Stian Endresen

Endresen orienterte om det pågår eit utgreiingsprosjekt om ny legevaktordning på Søre Sunnmøre. Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol i Ulstein kommune er prosjektleiar. Prosjektet skal levere eit forslag i juni 2017.

Sak 17/2016: Oppfølgings sak: Alkohol og helse – felles bruk av alkoholanamnese/ brosjyre

Samhandlingsutvalet bestemte på forrige møte å setje ned ei gruppe som skal arbeide med saka. Det vart sagt at arbeidet må gjerast saman med ruslinikken. Mona Ryste ville kalle inn til møte.

Som øvrige medlemmar i gruppa kom det forslag om Torill Myklebust, Berit Aasen, Hallgrim Myklebust, Stian Endresen og Mona Kile.

Konklusjonen førebels er at det finst ein alkoholenhetskalkulator og anna materiale på www.snakkomrus.no som ein vil satse på å bruke. Vidare kom det forslag om å drøfte temaet på ein fagdag.

Sak 18/2016: Bør sekretæren i Sjustjerne-nettverket få observatørstatus på møta?

Ved Stian Endresen

Det var ingen motførestellingar til forslaget om at sekretæren i Sjustjerne-nettverket får observatørstatus på møta i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 19/2016: Eventuelt

Gausdal frå Brukarutvalet bad om at ein på neste møte fekk ein presentasjon av den nye rettleiaren for rehabilitering, habilitering m.m.